



ÅRSMELDING

LESJA

KYRKJELEGE

RÅD

2022

Lesja kyrkjelege råd:

01.01.-31.12.2022 :

Aasmund Kolstad (leiar)
Jorunn Einbu Teigen (nestleiar)
Audny Bakken
Pål Rindal
Aagot Sørungård Botheim
Anne-Grete Dalum Tordhol

Ole Romslo Traasdahl
Aage Asgeir Paulsrud
Stein Inge Bjorli
Ann Karin Thøring
Marit Tynnøl

Kommunal representant:

Liv Enstad

Marita Lindbom

Biskopens representant:

Magnus Halle

Birgitte Bentzrød

Lesja kyrkjelege råd har hatt 5 møter, og har behandla 27 saker.
Kyrkjeverje er med som sekretær.

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval):

Jorunn Einbu Teigen	frå kyrkjeleg råd
Aasmund Kolstad	frå kyrkjeleg råd
Anne-Grete Dalum Tordhol	frå kyrkjeleg råd
Steinar Skotte	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.
Partsamansett/Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breitt og mangfaldig tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

Medlemmar i utvalet:

Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken
Pål Rindal

Organist
Sokneprest

Diakoniutvalet:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Ole Romslo Traasdahl
Marit Tynnøl

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

Medlemmar i utvalet:

Stein Inge Bjorli	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med organist om konsertar og andre kulturarrangement.

Medlemmar i utvalet:

Audny Bakken

Aagot Sørungård Botheim

Ann Karin Thøring

Aage Paulsrud

Tilsette

Organist:	Solfrid Kvamestøl Grønbeck	100% stilling
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø	80% stilling på Lesja
	Steinar Skotte	80% stilling på Lesjaskog/Lesjaverk
	Jørn Sæther	Tilkallingsvikar
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Magnus Halle	100% stilling i Lesja
	(ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)	

Kari Irene Lien, Jørgen Brandli, Solrun Einbu og Simen Iverstuen Blekastad har vore organistvikarar i samband med ferieavvikling.

Kyrkjene/kyrkjegardane:

Dugnadane på kyrkjegardane vart gjennomført i mai. Bra frammøte på Lesjaskog og Lesjaverk. Noko færre enn vanleg på Lesja. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

Lesja kyrkjelege råd vedtok å prøve og måle Lesjaverk kyrkje på dugnad. Arbeidet starta opp i september, og vi kom nesten i mål med arbeidet. Det står att litt beising i gavlen på kyrkja, og så må vindskiene skiftast ut og målast. Dette vil bli gjort våren 2023. Frammøte på dugnadskveldane vart dessverre dårlegare enn vi hadde håpa, men dei som møtte fram, gjorde ein kjempeinnsats. Stor takk til dei friviljuge, rådsmedlemmar og tilsette som var med og måla/beisa, og til dei som stilte med kaffemat til dugnadsgjengen. Ein ekstra takk til Pål Rindal som tok hovudansvar for beising/måling. Alltid greitt å ha med seg fagfolk.

Arbeidet med Kyrkjeholen fortsette i 2022, og det var synfaring med både rullestolbrukar og andre involverte. Ola Nørstebø med hjelparar har rydda, saga og klipt i Kyrkjeholen, og Smedsmosletta vart rydda. Fleire og fleire brukar området som tuområde, og det har vore fleire kveldar med hestesko-kasting på sletta. Ola Nørstebø og Steinar Skotte har laga benkar/bord som er sett ut i Kyrkjeholen, og det vil bli laga og sett ut fleire benkar etter kvart. Takk til dei som har rydda, til Sigurd Vie Alme i Lesja kommune for god hjelp, og til Kåre Hageløkken som stilte opp som testpilot på elektrisk rullestol gjennom Kyrkjeholen. Arbeidet med skilting mm held fram i 2023.

Sjong

Kapellet på Sjong var gjennom året vore brukt til gudsteneste, dåpsseremoni og vigslar.

Søndag 13. august var det klar for ny drop-in dag på Sjong, og i år var det 7 par som vart vigde. Det vart ein kjempefin dag på Sjong, med nydeleg vêr og vigslar både ute og inne. Det var fire lokale par og tre utanbygdsbuande par.



Utemøblane på Sjong vart skrota sommaren 2021, og i løpet av vinteren laga Steinar Skotte og Ola Nørstebø nye bord/benkar til uteområdet på Sjong.

Takk til Gunnel Anderson og Jon Olav Løkken som held eit auga med kapellet gjennom året.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Vevstugu er leigetakar i 2. etg.

Kyrkjestugu har vore utleigd til private samvær og selskap, og vi har brukt det til konfirmantsamlingar, trusopplæringssamlingar, konfirmantjubiläum og utstilling av dåpsklede.

Kyrkje og Kyrkjestugu var utleigd til samling for konfirmantar frå Spjelkavik, da dei hadde leir på Bjorli.

Stell av graver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene som har stell-avtaler. Det er ca 120 graver med stell-avtaler.

I tillegg er det stell av krigsgraver på Lesjaverk og Lesjaskog. Til dette arbeidet kjem det tilskott frå departementet. Den 11. november blir det sett ned kors med valmuar på krigsgravene.



Gamle gravminne frå Lesjaskog vart omtala i Vigga sin artikkel om spesielle, gamle gravminne, hausten 2022. Artikkelen vart skrivi av Anne Marie Aa.

Konsertar

I 2022 vart det halde fleire konsertar i kyrkjene våre.

Tre onsdagar i juli/august vart det halde lunsjkonsert. Solfrid og Erlend Grønbeck hadde konsert i Lesja kyrkje, Solfrid hadde konsert i Lesjaskog kyrkje, og Kari Irene Lien hadde konsert i Lesja kyrkje. Den 24. september hadde Kristine og Trond Våge konsert i Lesja kyrkje, og den 15. oktober hadde Olof Andersson konsert i Lesjaskog kyrkje.

Lesjaskog sangkor hadde palmesøndagskonsert, i lag med Iver Holsbrekken, i Lesjaverk kyrkje og julekonsert, med Erlend Grønbeck, i Lesja kyrkje.

Lesja barnekor hadde adventskonsert, i lag med Mari Midtli, i Lesja kyrkje.



Den 1. oktober vart det stor avslutningsmarkering for Paul Gunnar Lien i eit fullsett Lesja kulturhus. Lesja barnekor, aspirantkoret, Oldis-barnekoret (nokre medlemmar frå barnekoret si oppstartperiode), Lesja og Lesjaskog sangkor, Jon Faulstad, Synne Vorkinn, Iver Holsbrekken og Solfrid Kvarmestøl

Grønbeck hadde både musikalske og verbale helsingar til Paul Gunnar Lien. Ordføraren og to barnehagetilsette hadde og gode ord og helsingar til Paul Gunnar. Etter konserten var det kaffe og marsipankake til alle.



Etter Olof Andersson sin orgelkonsert i Lesjaskog kyrkje, den 15. oktober, vart det festmiddag for spesielt inviterte i Kyrkjestugu på Lesjaskog. Dette var og ein del av avslutningsmarkeringa for Paul Gunnar Lien.

I tillegg har Lesja barnekor hatt 8 andre konsertar/framføringar gjennom året. Koret har no 32 medlemmar, og har hatt totalt 33 korøvingar (18 før sommarferien og 15 i hausthalvåret).

Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.

Direkte driftstilskott frå Lesja kommune var kr 2.520 000,-.

Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarande kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Frå og med 2010 har Lesja motteke Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring).

Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka. Delar av organist- og kyrkjevergestillinga er finansiert av trusopplæringsmidlane.



Driftstilskottet frå Lesja kommune har stått uendra (eller med små reduksjonar) dei siste åra, noko som i realiteten betyr nedskjæring. Driftstilskottet dekkjer berre det mest nødvendige, og for dei minste uforutsette utgiftene, må det løyvast frå disposisjonsfondet.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019).

Innbetalt festeavgift i 2021: kr 210 000,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2022 syner eit midreforbruk på kr 157 219,54.

Momskompensasjon utgjorde kr 101 432,-

Lønnsutgiftene aukar, men pensjonskostnadane har vore en del lågare enn dei siste åra. I motsetning til dei fleste, har vi brukt noko mindre på strøm i 2022. Vi held drifta på eit svært nøkternt nivå, og det har resultert i at vi har greidd å få eit mindreforbruk, sjølv om det er meirforbruk på mange av utgiftspostane.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar. Ca 850 går til innabygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.

I 2022 vart det innbetalt kr 86 630,- i pengegåver til kyrkjebladet. Dette er ei auke på kr 6130,- frå 2021. Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 25 356,20.

Distribusjon av bladet ved hjelp av Posten eller andre distributørar, er ei utfordring, og derfor har rådsmedlemmar og tilsette stått for distribusjon av samtlege blad i 2022. Takk for innsatsen!

Blad til utanbygdsbuande blir adressert, frankert og sendt med Posten.

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri.

Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 17 konfirmantar i Lesja sokn og 3 i Lesjaskog.



Konfirmantane var på tur til Trondheim ei helg i mai, der dei deltok på gudsteneste i Nidarosdomen, hadde omvisning i domen og på forsvarsmuseet, og pizzakveld i Tyholt-tårnet, bl. a.

Konfirmasjonen kunne gå som normalt i mai/juni, utan noko koronarestriksjonar.

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 17 816,85,-

Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 550,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi utjamningsmidlar.

Totalt kr 231 839,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2022:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebø, Dagrun Klungervik og Inger Torhaug broderer dåpsserviettar til alle som blir døypt.
- Solfrid har hatt 18 samlingar med babysong, i helsestasjon sine lokal på Lesja helsehus.
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- Utdeling av biblar til 5.klassinger (for både 2021 og 2022).
- Tårnagentsamling i Lesjaverk vart avlyst pga dårleg påmelding.
- Solfrid hadde 11 sangsamlingar på Blåsenborg, 6 på Lesjaskog skule, 7 med Lesjaskog barnehage og 9 i Lesja barnehage
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau.

På Lesjaskog var det ikkje samling og utdeling i år, for det var berre ein 4-åring der, og ho fekk vera med på samling og utdeling i 2021.

På Lesja var samlinga i eit samarbeid med Husflidslaget..

- Lesja barnehage og Lesjaskog barnehage hadde gudstenester før jul, og heldigvis kunne vi gjennomføre juletreffest på Tunstugu og Kyrkjestugu. Takk til Torbjørg Bakken og Ingrid Osnes Noren som kokte kakao og ordna på Kyrkjestugu, og til Gudbrandsdalsmuseet som sponsa oss med gryngraut på Tunstugu.
- Lesjaskog skule hadde julegudsteneste, men på Lesja skule fann dei ikkje tid til gudsteneste i år.



Kyrkjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), har det vore enkel kyrkjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist. Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskepe noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

Menighetsmøte:

Menighetsmøtet som vart halde etter gudsteneste i Lesjaverk kyrkje, søndag 23. oktober. 8 personar var tilstade på møtet.

Andre arrangement:

- Det har vore 8 salmekveldar og 38 andakter.
- Konfirmantjubilea kunne avviklast som normalt i år, men sosialt samvær på Kyrkjestugu og Tunstugu. Litt skiftande frammøte frå kull til kull, men positive attendemeldingar frå dei som møter fram. Som vanleg var det suppe m/brød, kaffe og marsipankake.
- Avslutningsmarkering for Paul Gunnar Lien (sjå under konsertar).
- Den 20. november inviterte kyrkjeleg råd, Husflidslaget i Lesja, Gudbrandsdalsmusea og



Lesjaskog bygdekvinnelag til pop up-utstilling av dåpsklede, på Kyrkjestugu. Heile 67 kjolar og 87 dåpsluer vart utstilt. Alle som stilte ut klede, fylte ut skjema med informasjon om kjolen/lua, og desse opplysningane vart overlevert Gudbrandsdalsmusea. Takk til alle som bidrog, enten som arrangør eller utstillar, og takk til Ola-Erik Mølmen som stilte som fotograf og fekk teke bilete av dei alle fleste kleda som vart utstilt. Dette er verdifull dokumentasjon for ettertida.

Litt statistikk:

Kyrkjelege handlingar:	2022	2021
Døypte	26	23
Konfirmerte	20	29
Vigslar	13	20
Gravferder	26	23
Innmeldt	1	0
Utmeldt	5	3
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	88 771	48 453
Offergåver til eige arbeid	29 773	11 242
Offergåver vidaresendt til andre	58 998	37 211
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon	19 587	(Digitalt på FB) 7 800
Gudstenester	63	40
Tal på deltakarar	3 484	2 089

Kort oppsummert må ein seie at 2022 vart eit godt år for kyrkja i Lesja, og eit når der vi heldigvis nesten var attende til normalen, etter eit par år prega av koronarestriksjonar.

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde, samarbeidspartnarar og friviljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2022!

Lesja, den 8. februar 2023
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim

REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2020				
	Rekneskap	Reg.budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2022	2022	2022	2021
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinnt.	356 917,16	414 000	460 000	369780,31
Refusjoner/overføringer	343 984,91	203 000	203 000	780972,81
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 520 000,00	2 520 000	2 520 000	2 520 000,00
Andre tilskott, g�aver, innsamla midlar	197 988,00	150 000	150 000	128953,00
Sum driftsinntekter	3 637 890,07	3 506 000	3 552 000	4 018 706,14
Utgifter				
L�nn og sosiale utgifter	2 329 062,58	2 436 000	2 439 000	2 694 033,02
Kj�p av varer og tenester	731 923,88	797 000	840 000	1 081 043,08
Refusjoner/overføringer	101 432,91	0	0	195 190,81
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Tilskott og g�aver	78 585,00	65 000	65 000	48 0661,00
Sum driftsutgifter	3 460 004,37	3 517 000	3 563 000	4 237 327,91
Brutto driftsresultat	177 885,70	- 11 000	- 11 000	-218 621,77
Renteinntekter og utbytte				0,00
Renteutgifter og l�neomkostnader	351,00	0	0	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	-351,00	0	0	0,00
Avskrivninger	92 920,00	92 920	0	92 921,00
Motpost avskrivninger	92 920,00	92 920	0	92 921,00
Netto driftsresultat	177 885,70	-11 000	-11 000	-218 621,77
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert fr� tidlegare �r (overskott)				830 029,62
Bruk av disposisjonsfond				243 202,80
Bruk av bundne fond	13 407,20	11 000	11 000	8 256,00
Sum bruk av avsetningar	13 407,20	11 000	11 000	1 081 488,42
Avsett til disposisjonsfond	8 000,00	0	0	836 026,52
Avsett til bundne fond	25 722,36	0	0	26 840,13
Sum avsetningar	33 722,36	0	0	862 866,65
Rekneskapsmessig mindreforbruk	157 219,54	0	0	0,00

REKNESKAPSSKJEMA		
BALANSE – 2022		
	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eieendom og anlegg	3 140 116,40	3 233 037,20
Aksjar og andelar	194 597,00	182 940,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	179 622,91	491 439,56
Kasse, bankinnskott	4 272 407,63	3 835 743,82
Sum eigendelar	7 786 743,94	7 743 160,58
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	2 533 211,29	2 536 868,29
Bundne driftsfond	844 358,22	832 043,06
Rekneskapsmessig mindreforbruk	157 219,54	0,00
Kapitalkonto	3 334 713,42	3 415 977,22
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	917 241,47	958 272,01
Sum eigenkapital og gjeld	7 786 743,94	7 743 160,58

